



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Til Klima- og miljødepartementet

Høyringsfråsegn om framlegg til endring i motorferdslelova og forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vatn

Vi syner til offentleg høyring av framlegg til endringar i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, og forskrift om motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag med høyringsfrist 4. mars 2020.

Vi har merknader til å endre føresegns om prøveordning med catskiing i motorferdslelova § 4 a. Vi vil ikkje utvide forsøksordninga til å gi løyve til å opne for bruk av ATV og snøscooter.

I mai 2018 vart dei seks kommunane Jølster, Eid, Stryn, Surnadal, Vang og Oppdal plukka ut til å delta i prøveordninga med catskiing. Ordninga gjeld tyngre beltekøyretøy. Jølster skisenter er eitt av anlegga som er med i prøveordninga, men Jølster kommune har ikkje utarbeidd forskrift for løyper til persontransport. Skisenteret fann ordninga for dyr og praktisk utfordrande. Endringa som er føreslått vil sannsynlegvis gjere catskiing lettare å ta i bruk. Det går også fram av høyringsnotatet at det kan vere problematisk å avgrense bruken av løypenettet til ein eller få næringsaktørar ut frå konkuranserettslige reglar. Endringa av prøveordninga vil sannsynlegvis føre med seg auka motorferdsel i sårbar natur. Presset på naturen er aukande. Vinteren er ei tøff tid for mange artar. Jølster skisenter ligg rett ved Sunnfjord villreinområde. Både villreinen og mange andre artar treng å få vere i fred. I staden for å opne opp, bør vi halde fast på strenge reglar for å unngå unødvendig motorferdsel i utmark.

Vi har også merknader til å endre forbodet mot motorfartøy på vatn under 2 kvadratkilometer i motorferdslelova § 6.

Vi vil halde fast på restriktive reglar for motorferdsel i utmark, og avgrense dette til høgst nødvendig nyttekøyring. Vi meiner det er uheldig at dette forslaget bryt med prinsippet om at motorferdselslova skal vere teknologinøytral. Dette kan på sikt vere med på å undergrave regelverket og gjere det vanskelegare å skilje mellom kva som er motorferdsel og ikkje. Lovendringa er ikkje nødvendig, ettersom det allereie er mogleg for kommunane å gi dispensasjon til motorferdsel med el-motor i særlege tilfelle. Dette gjeld nyttekøyring og ikkje fritidsfiske.

Førde, 3. mars 2020

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
v/fylkesleiar Nyonga Rugumayo Amundsen (sign.)